



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
03.06.2014
Dykkar dato
31.03.2014

Vår referanse
2014/1134 730
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Melding om tilskot i 2014 til vidareutdanning i psykisk helse - kapittel 764 post 60

Fylkesmannen i Hordaland viser til søknad av 31. mars 2014 om tilskot til vidareutdanning i tverrfagleg psykisk helsearbeid og psykososialt arbeid med barn og unge.

Helsedirektoratet har i e-post av 3. juni 2014 teke stilling til søknadene frå Hordaland. Det var i år 39 søkjarar frå 12 kommunar. 14 av desse søkte tilskot til tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge, og 25 søkte tilskot til tverrfaglege vidareutdanning i psykisk helsearbeid.

Fylkesmannen er glad for å kunne meddele at alle søkjarane har fått tildelt tilskot.

Fylkesmannen gir med dette tilsegn om tilskot tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge til:

Namn	Semester	Lønntilskot	Reise- og opphald
<i>Siv Carina Selland-Dalseide</i>	<i>Vår 2014</i>	<i>kr. 145 299</i>	<i>kr. 4 200</i>

Samla beløp er kroner 149 499,-.

Det ytes tilskot for talet på månader som utdanninga varer i inneverande budsjettår. Ved heiltidsstudiar tilsvare studiepermisjonen ti månader med minimum 75% lønn. Ved deltidstudium over to år, vil permisjonen tilsvare fem månader per år med minimum 75% lønn. Tilskotet og permisjon vert tilsvarende redusert dersom søkjaren har deltidstilling. Tilskotet frå Fylkesmannen skal dekkje 50% av brutto kostnader til lønn. Arbeidsgjevar er ansvarleg for å dekkje minimum 25% av brutto lønnskostnader, slik det går fram av vilkåra. Studenten får permisjon i studietida med minimum 75% av brutto lønn.

Tilskotet inkluderer arbeidsgjevaravgift til folketrygda for avgiftspliktig lønn og godtgjersle, og del av pensjon og andre sosiale utgifter (feriepengar).

Det er ein føresetnad at den planlagde utdanninga vert gjennomført. Tilskot som er utbetalt for utdanning som ikkje vert gjennomført, må betalast tilbake. Tilskot som er utbetalt for utdanning som ikkje vert fullført, vil kunne krevjast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen må melde frå **snarast råd** dersom grunnlaget for tilskotet vert endra eller fell bort. Fylkesmannen ber om tilbakemelding **seinast innan 31. august 2014** dersom heile eller delar av tilskotet ikkje vil bli brukt i 2014.

Fylkesmannen ber kommunen om å informere søkjaren.

Vilkår for utbetaling

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen har motteke og godkjent utfylt og signert stadfesting, jf. vedlegg.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane vert brukte etter føresetnadene, jf § 10, 2. ledd i *Bevilgningsreglementet*. Fylkesmannen vil og gjere merksam på at Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskot eller bidrag av statsmidlar til offentlege eller private verksemdar vert brukte etter føresetnadane. Dette er heimla i Lov om Riksrevisjonen § 12, 2. ledd.

Vi viser til regelverk for tilskotsordninga om mogelege reaksjonsformer dersom tilskotet ikkje blir nytta i samsvar med vilkår for tildeling.

Rapportering

Kommunen skal sende inn revisorattestert rekneskap per 31. desember 2014 og rapport for bruk av tilskotet til Fylkesmannen innan 31. mars 2015. Rekneskapet skal vere revidert i samsvar med Den norske Revisorforeningens standard ISA 805. Krav til revisorstadfesting fell bort dersom tilskotet er mindre enn kroner 100 000.

Rapporten skal innehalde regnskapsførte utgifter for kvar einskild som det er søkt tilskot for i samsvar med det som er oppgitt i søknadsskjemaet både når det gjeld tidsrom og lønn.

Vidare skal rapporten ha med opplysningar om:

- totalt tal på studentar og oversikt over studentane si grunnutdanning
- tal på studentar som har begynt, slutta og fullført
- tal på studentar som er heiltids- og deltidsstudentar
- talet på studentar som tar utdanninga for barn og unge
- talet på studentar som tar utdanninga for vaksne
- tal på mottakarar av reise- og opphaldsstipend

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Mona Fauskanger
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: stadfesting

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:
Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Vår ref: 2014/1134

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

STADFESTING

Organisasjonsnummer:

Kontonummer:

.....
(NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast få melding om endringa)

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg:

.....
.....
.....
.....

Tilskotsbrev med tilskot på kr **149 499,-**.

Lindås kommune stadfester med dette å ha lese og godteke dei vilkåra som er gitt i tilskotsbrev av 3. juni 2014.

.....
stad

.....
dato

.....
ansvarleg person

Stadfesting skal underteiknast av rådmannen eller den vedkomande har delegert mynde til.